

Til styret i Helse Førde

PROSJEKTRAPPORTERING

11. november 2020



SAMANDRAG

Helse Førde følger opp prosjekt gjennom porteføljestyring for å sikre samsvar mellom strategiske mål, gjennomføring av tiltak og rett prioritering.

Aktiviteten er omfattende, og prosjektleiarane samla ser føre seg at det vert nytta over 80 årsverk i prosjekta neste år.

Det blir kontinuerleg arbeid med å utvikle porteføljestyringa, mellom anna ved å få betre oversyn når det gjeld bruk av ressursar, risiko og nytte av innføringane.

INNHALD

1. Prosjektporteføljen til Helse Førde	3
2. Porteføljestatus	4
2.1 Overordna status	4
2.2 Status pr. prosjekt	4
2.3 Årsverk nytta til prosjektarbeid i Helse Førde	5
3. Program Alle møter	6
3.1 Digitale skjema og brev	7
3.2 Finne fram	8
3.3 Innsjekk og betaling	8
3.4 Open linje	9
3.5 Pasientflyt og ressursar	10
3.6 Vel planlagt	11
3.7 Vestlandspasienten	12
4. Program HELIKS	12
4.1 KULE (Kurve og legemiddelhandtering)	13
4.2 ODA (Overgang til DIPS Arena)	14
5. Program LIBRA	15
6. Nye Førde sjukehus	16
6.1 Dagabygget	16
6.2 Livabygget	17
7. PROGRAM Pasientens Helseteneste	18
7.1 Lærdal sjukehus – delprosjekt areal	18
7.2 Framtidig akuttmottak og observasjonspost NFS	20
7.3 Fysikalsk medisin, rehabilitering, og habilitering	20
7.4 Intensiv og overvaking NFS	21
7.5 Kontor og fellestenester NFS	22
7.6 Kvinne barn	22
7.7 Sterilsentral NFS	23
7.8 Operasjon, dagkirurgi, oppvakning og anestesi NFS	24
7.9 PHV Psykiatrisk klinikk NFS	24
7.10 Sengepostar og hotell NFS	25
7.11 Prehospitale tenester	25
7.12 Poliklinikkar og somatisk dagbehandling	26
7.13 Rekrutteringsstrategi for Helse Førde	27
8. Utanfor program	27
8.1 Droneprosjektet	27
8.2 Nytt forløp for handrehabilitering	28
8.3 PustDegBedre – Et digitalt verktøy for lungesyke	29

1. PROSJEKTPORTEFØLJEN TIL HELSE FØRDE

Helse Førde har ei rekkje aktivitetar som er prosjektorganiserte og dermed tidsavgrensa. Denne rapporten er ei oppsummering av prosjektaktiviteten i føretaket, og syner status hausten 2020.

Dei fleste prosjekta er organiserte i eigne program. Det gjeld dei regionale innføringsprosjekta under Alle møter, HELIKS og LIBRA, og dei lokale prosjekta som er organiserte under Nye Førde sjukehus og Pasientens helseteneste. I tillegg er det nokre få prosjekt som ikkje er lagt under nokon program.

Helse Førde har eit eige porteføljestyre som med jamne mellomrom får ein overordna status i dei ulike programma/prosjekta. I tillegg har alle programma eigne styringsgrupper.

Prosjektporteføljen til Helse Førde er altså tett vevd saman med porteføljen i Helse Vest. Det same gjeld prosjektmetodikken til føretaket. Det føregår eit arbeid i Helse Vest for å utvikle denne metodikken, og Helse Førde har også deltakarar inn i det arbeidet.

Helse Førde arbeider for framtidsretta spesialisthelsetenester og ein berekraftig organisasjon i alle ledd. Ein viktig premis for gjennomføringa av strategien til Helse Vest er porteføljestyring. Helse Førde skal nytte program og prosjektporteføljen til å styrke kvalitet, pasientoppleving, pasienttryggleik og samhandling. Verktøy og system som er etablerte for å overvake og halde kontroll over aktivitet, ressursbruk og prioritering er ein del av dette.


2. PORTEFØLJESTATUS

2.1 Overordna status

Figuren i dette delkapittelet er ei overordna vurdering av kor langt dei ulike prosjekta har kome i sitt arbeid, og statusen i kvart enkelt av dei.

Som figuren illustrerer er det mange aktivitetar i Pasientens helseteneste og i Alle møter. Mange av prosjekta i Pasientens helseteneste er i ein tidleg fase, medan mange av prosjekta i Alle møter er i gjennomføringsfasen.

Figuren underkommuniserer det omfattande arbeidet som pågår i Heliks, LIBRA og Nye Førde sjukehus. Dei fleste prosjektårsverka i Helse Førde er knytt til desse programma, og det er der veksten er venta å bli størst i 2021.



2.2 Status pr. prosjekt

Prosjektleiarane er bedne om å rapportere inn status for kvart prosjekt. Sjølv om det er gjeve nokre føringar for kva som skal ligge til grunn for vurderingane, så vil vurderingane som er gjort også bli eit uttrykk for skjønn.

Ingen av prosjekta har rapportert raudt på noko punkt, men på fleire punkt er det rapportert gult; fare for at prosjektplanen ikkje held. Samla sett er det størst uro for at tidsplanane ikkje held, medan det er minst uro knytt til at kostnaden i prosjekta blir større enn planlagt. Årsaka til det kan vere at mange prosjekt i realiteten ikkje har eigne budsjett.

Alle dei store regionale programma rapporterer gult på samla; som i praksis er oppsummeringa av vurderingane. Dei er også gjennomgåande uroa over om dei har nok personell tilgjengeleg.

Prosjekt/program	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	Samla
Alle møter	●	●	●	●	●	●	●
Digitale skjema og brev	●	●	●	●	●	●	●
Finne fram	●	●	●	●	●	●	●
Innsjekk og betaling	●	●	●	●	●	●	●
Open linje	●	●	●	●	●	●	●
Pasientflyt og ressursar	●	●	●	●	●	●	●
Vel planlagt	●	●	●	●	●	●	●
Vestlandspasienten	●	●	●	●	●	●	●
HELIKS	●	●	●	●	●	●	●
KULE (Kurve og legemiddelhandtering)	●	●	●	●	●	●	●
Overgang til DIPS Arena (ODA)	●	●	●	●	●	●	●
Program LIBRA	●	●	●	●	●	●	●
Nye Førde sjukehus	●	●	●	●	●	●	●
Dagabygget	●	●	●	●	●	●	●
Livabygget	●	●	●	●	●	●	●
Pasientens helseteneste	●	●	●	●	●	●	●
Arealplan Lærdal sjukehus	●	●	●	●	●	●	●
Framtidig akuttmottak og observasjonspost	●	●	●	●	●	●	●
Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering	●	●	●	●	●	●	●
Intensiv og overvaking NFS	●	●	●	●	●	●	●
Kontor og fellestenester NFS	●	●	●	●	●	●	●
Kvinne barn NFS	●	●	●	●	●	●	●
Sterilsentral NFS	●	●	●	●	●	●	●
Operasjon, dagkirurgi, oppvakning og anestesi NFS	●	●	●	●	●	●	●
PHV Psykiatrisk klinikk NFS	●	●	●	●	●	●	●
Sengepostar og hotell NFS	●	●	●	●	●	●	●
Prehospitale tenester	●	●	●	●	●	●	●
Poliklinikkar og somatisk dag behandling	●	●	●	●	●	●	●
Rekrutteringsstrategi for Helse Førde	●	●	●	●	●	●	●
Utanfor program							
Droneprosjektet	●	●	●	●	●	●	●
Nytt forløp for handrehabilitering	●	●	●	●	●	●	●
Pustdegbetre	●	●	●	●	●	●	●

2.3 Årsverk nytta til prosjektarbeid i Helse Førde

Prosjektleiarane er også bedne om å skissere kor mange årsverk som vert nytta i kvart enkelt prosjekt i 2020, og kva som er behovet i 2021. Målet har vore å få fram den fulle og heile tidsbruken. Også den tida som linjeorganisasjonen nyttar i samband med prosjektet. Det er krevjande å få eit heilt rett bilete av dette, utan å bruke mykje ressursar på ei slik «telling». Også desse storleikane er difor uttrykk for ein viss grad av skjønn.

Tabellen er likevel eit klart uttrykk for at prosjektleiarane ser føre seg at føretaket vil nytte meir ressursar i prosjekta neste år enn i år. Særskilt er veksten neste år knytt til innføringsløpa i LIBRA og ODA.

Program prosjekt	Årsverk 2020	Årsverk 2021	Endring	Totalt pr program 2021
Alle møter	1	1	0	
Digitale skjema og brev	1,8	1,8	0	
Finne fram	0,3	0,2	-0,1	
Innsjekk og betaling	0,7	0,7	0	
Open linje	0,2	0	-0,2	8
Pasientflyt og ressursar	1,2	1,5	0,3	
Vel planlagt	0,8	1	0,2	
Vestlandspasienten	1,8	1,8	0	
HELIKS				
KULE (Kurve og legemiddelhandtering)	5,9	6,5	0,6	24,5
Overgang til DIPS Arena (ODA)	13	18	5	
Program LIBRA	7	22	15	22
Nye Førde sjukehus	10	11,5	1,5	
Dagabygget	1	0,5	-0,5	14
Livabygget	2	2	0	
Pasientens helseteneste	2,5	3	0,5	
Utviklingsplan Lærdal sjukehus - delprosjekt arealplan	0	0	0	
Framtidig akuttinntak og observasjonspost	0,5	0,5	0	
Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering	1,5	2	0,5	
Intensiv og overvaking NFS	0,5	0,5	0	
Kontor og fellestener NFS	0,6	0,5	-0,1	
Kvinne barn NFS	0,8	0,8	0	
Sterilsentral NFS	0,5	0,5	0	13,15
Operasjon, dagkirurgi, oppvakning og anestesi NFS	0,8	0,8	0	
PHV Psykiatrisk klinikk NFS	1,2	0,05	-1,15	
Sengepostar og hotell NFS	1	1	0	
Prehospital tenester	1,5	2,5	1	
Poliklinikkar og somatisk dagbehandling	1	1	0	
Rekrutteringsstrategi for Helse Førde	0,2	0	-0,2	
Utanfor program				
Droneprosjektet	0,5	0,7	0,2	1,9
Nytt forløp for handrehabilitering	0,5	0,5	0	
Pustdegbetre	0,6	0,7	0,1	
Totalt	60,9	83,55	22,65	

3. PROGRAM ALLE MØTER

Programeigar: Anne Kristin Kleiven, Utviklingsdirektør. Vara Evy-Helen Hellesteth, fagdirektør

Alle møter er eit regionalt program som skal bidra til betre tilbod og god og forenkla kommunikasjon med pasientar og pårørande, kortare ventetid og ingen tidsfristbrot. Prosjekta i programmet skal saman syte for god planlegging og ressursbruk ved poliklinikkane, betre tilgang for pasienter og pårørande, forenkla kvardag for medarbeidarar, og legge til rette for bruk av digitale løysingar.

Status i programmet: Helse Førde er i gang med innføring av to viktige prosjekt ved Førde sentralsjukehus; Innsjekk og betaling og Pasientflyt og ressurs. Det har i haust vore vakans i stillinga som programeiar og som prosjektleiar for eitt av prosjekta; Vel planlagt. Dette har påverka framdrift og kapasitet.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Samla vurdering er på gult pga vakans i leing av programmet, som har påverka framdrifta og kapasiteten i programmet, især knytt til prosjekt Vel planlagt og det har ikkje vore kapasitet til å arbeide med Open linje. Innsatsen har vore konsentrert om Innsjekk og betaling, Pasientflyt og ressurs og Digitale skjema og brev.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,3	0,7	1
2021	0,3	0,7	1
Differanse:			0

Det vil bli behov for å styrke bemanninga i 2021, knytt til Pasientflyt og ressurs (konfigurator), Open linje, Vel planlagt og Mitt timeval.

3.1 Digitale skjema og brev

Prosjektleder: Lasse Lesto

Digitalisering av tenester via helsenorge.no. Elektronisk kommunikasjon og innhenting av informasjon via elektroniske skjema. Nytteeffekt er i hovudsak knytt til spart tid, reduserte utgifter, effektivitet, betre kvalitet og at skjema og brev mellom pasienten og sjukehuset når raskare fram.

Status: Prioritering av Pre-screening og Anestesi eigenerklæring skjema har medført ei endring av milepælsplan vidare i prosjektperioden

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Årsak til avvik:

- Fleire delprosjekt, medfører risiko for samtidskonfliktar når same ressursar deltek i disse.
- Innføring av nye løysingar i avdelingane er utfordrande når andre program/prosjekt har samtidige aktivitetar.

Nye aktivitetar i 2021:

- Utvida funksjonalitet brevrobot, barn 0-12 og brev med c/o adresse
- Innsending av skjema som strukturerte data i DIPS
- Brev til andre aktørar enn pasient
- Elektronisk formidling av innkallingsbrev SECTRA

- Fleire skjema, DIPS Arena skjemaløysing
- Checkware via Helsenorge.no

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,3	1,5	1,8
2021	0,3	1,5	1,8
Differanse:			0

3.2 Finne fram

Prosjektleder: Annette Fosse

Finne Fram løysinga vil bidra til at pasientar og pårørande finn fram i rett tid og på rett stad på sjukehuset ved hjelp av digital vegvisning. Løysinga er tilgjengeleg på websida til HFD. Ved innføring av prosjekt Innsjekk og betaling, er løysinga no også tilgjengeleg på automatar ved FSS. Pasient med time på sjukehuset, vil i tillegg få vegvisning tilgjengeleg til rett ventesone på automat og på mobiltelefon.

Status i program/prosjekt:

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Nye aktivitetar i 2021: I samband med planlagt innføring av Innsjekk og betaling for lokalsjukehusa samt i psykisk helsevern, vil løysinga bli gjort tilgjengeleg også her

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		0,3	0,3
2021		0,2	0,2
Differanse:			-0,1

3.3 Innsjekk og betaling

Prosjektleder: Annette Fosse

Prosjektet skal gje pasienten større fridom og høve for å vere ein ressurs i eige pasientforløp ved å få tilgang til sjølvbetente løysingar, samt gje sjukehuset moglegheit

for betre pasientoppfølging og ressursplanlegging. Nokre element: Sjølvbetjent ankomstregistrering og betaling ved hjelp av automatar og eigen smarttelefon. Løysing for køhandtering og meldingsformidling skal gje sjukehuset betre oversyn og høve for å følgje opp pasientar med timeavtale. Løysinga vil og gje sjukehuset verktøy for betre utnytting av ressursane.

Status: Helse Førde innførte løysing for Innsjekk og betaling ved Førde sentralsjukehus for somatiske avdelingar den 02.10.2020. Løysinga har synt seg å fungere godt, med unntak av nokre tekniske utfordringar knytt til betaling på automat. Dette har høg prioritet hos HVIKT å få løyst. Ein vil vidare innføre løysinga for psykisk helsevern og på lokalsjukehusa etter kvart som regionalt prosjekt har høve for å bistå.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Innføringa har vorte noko forseinka på grunn av uventa feil i løysinga som måtte rettast. Vakans i prosjektleinga har også medført auka risiko i innføringsperioden. Nyten for pasientane og personalet er vurdert som høg. Ei ulempe ved løysinga inneber noko ekstra og manuelt arbeid for økonomiavdelinga.

Nye aktivitetar i 2021: Innføring i psykisk helsevern og ved lokalsjukehusa etter regional plan/kapasitet.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,0	0,70	0,70
2021	0,0	0,70	0,70
Differanse:			0

3.4 Open linje

Prosjektleder: Hanne Bildøy

Føremålet med Open Linje er å gjere det enklare for pasientar å kome gjennom på telefon når dei kontaktar spesialisthelsetenesta, og samtidig sikre at dei som svarar på telefonen har best mogleg utgangspunkt for å skape ei god «kundeoppleving».

Status: Kontaktsenteret som vart oppretta i mars 2019, er sett på frys til 31.03.21. Telefonane blir svara ut av tilsette i poliklinikkane.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,1	0,1	0,2
2021	0	0	0
	Differanse:		- 0,2

3.5 Pasientflyt og ressursar

Prosjektleder: Annette Fosse

Prosjektet skal tilby løysingar og verktøy som gir støtte til effektiv pasientflyt og bidreg til rett prioritering og bruk av sjukehus sine ressursar, høve for å ivareta kvar pasient, med særleg fokus på pasientar med forløp på tvers av fag, avdelingar og fagsystem. Vidare skal prosjektet legge til rette for tverrfagleg samarbeid, gje støtte til helsetenesta sine arbeidsprosessar og informasjonsflyt, og bidra til auka kvalitet og effektivitet.

Status: Helse Førde har innført digitale arbeidstavler på sengepostar ved Førde sentralsjukehus. Tavlene tilbyr i dag avgrensa løysing for digital kommunikasjon, og det skal leggjast på fleire funksjonar framover. Prosjektet vil verte tid- og ressurskrevjande, men er også venta å gje stor nytte i pasienthandteringa.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Årsak til avvik: Det har vore nokre tekniske utfordringar i løysinga ved innføring. Dei fleste av desse er no retta av HVIKT. Vakans i stillinga som programleiar har også medført auka risiko i innføringsperioden. Nyten for personalet er vurdert som god.

Nye aktivitetar i 2021: Innføre løysinga på lokalsjukehusa, samt bidra i utvikling og innføring i Psykisk Helsevern

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	1,2	1,2
2021	0	1,5	1,5
		Differanse:	0

3.6 Vel planlagt

Prosjektleder: Liv Stafsnes

Vel planlagt er langsiktig planlegging av bemanning og fråvær og aktivitet i poliklinikk, for å gi føreseieleg og medisinsk forsvarleg behandling, og bidra til at pasientane kjem raskt til og til rett tid. Avvikle bruk av tentative timar og direkte timetildeling er overordna målsetting for langtidsplanlegginga.

Status: Prosjektet er i innføringsfasen. Gjennomført 3 pilotar i Ortopedisk avd. FSS, Barneavd. FSS og DPS Indre Sogn. Oppstart for medisinsk avdeling FSS, NSH og LSH rett før sommaren. Vidare framover – breidde gjennomføring i alle avdelingar.

Erfaringar frå pilotavdelingane syner at det er mogleg å langtidsplanlegge og resultat er meir fornøgde medarbeidarar, betre kommunikasjon mellom behandlarar og sekretærgruppa, frigjering av tid, pasientar og tilsette har oversikt over timetildeling, færre re-planleggingar.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Årsak til avvik:

- Corona-situasjonen medførte endring i drift i vår/sommar og påfølgande forseinka gjennomføring av langtidsplanlegging i alle avdelingar. Etterslep med utsette timeavtalar og framleis bruk av tentative timar, kombinert med utfordringar knytt til tid og personressursar gir samla gul risiko for å ikkje nå målsettingar og tidsfrist 31.12.20
- Programleiar for Alle møter HFD, også prosjektleder for Vel Planlagt er slutta i Helse Førde og etterfølgar i stillinga tiltrer januar 2021
- Forventa gevinstrealisering fordrar avviking av tentative timar og direkte timetildeling fullt ut gjennomført i alle avdelingar.

Nye aktivitetar i 2021: Mitt timeval under Alle møter er sett i gang igjen hausten 2020 og har som delprosjekt avhengigheit mot Vel planlagt.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,3	0,5	0,8
2021	0,3	0,7	1,0
Differanse:			0,2

3.7 Vestlandspasienten

Prosjektleder: Lasse Lesto

Utvikle løysingar på Helsenorge.no som del av ein helseportal på nett for innbyggjarane i Helse Vest. Gjev pasientane innsyn i dokumentasjon og delaktigheit i behandling, gjer nye teknologiske løysingar tilgjengelig på ein sikker måte.

Status i program/prosjekt: Prioritering av videokonsultasjonar har medført ein endra milepælsplan for aktivitet i 2020/21.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Nye aktivitetar i 2021:

- Versjon 2 av videoløysing, med betalingsløysing og ny brukargrenseplate på helsenorge.no.
- Sectra link til henvisning/time
- Versjon 3 av elektronisk anmodning om utskrift av journal
- «Visning av prøvesvar» nytt delprosjekt

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,3	1,5	1,8
2021	0,3	1,5	1,8
Differanse:			0

4. PROGRAM HELIKS

Programeigar: Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør.

HELIKS skal bidra til betre elektronisk journalsystem i Helse Vest. Hausten 2020 arbeider programmet med følgjande element; ODA (Overgang frå DIPS classic til DIPS

Arena), KULE (elektronisk kurve og legemiddelhandtering) og Kritisk informasjon. Lokal innføring i Helse Førde gjeld ODA og KULE pr haust 2020.

Status:

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Det er til tider vanskeleg å få på plass naudsynte ressursar både i lokalt og regionalt prosjekt, samt hjå leverandørane. Dette påverkar framdrift, risiko og kvalitet.

Ressursbruken er synt under KULE og ODA under.

4.1 KULE (Kurve og legemiddelhandtering)

Prosjektleder: Wenche Sjøstad

Prosjekt KULE innføring HFD har ansvar for å innføre elektronisk legemiddelhandtering og kurveverktøy (MEONA) i Helse Førde. Lokalt prosjekt er avhengig av KULE regionalt prosjekt si utvikling og klargjering av løysing. Løysinga treff dei fleste helsepersonellgruppene og alle kliniske einingar ved HFD.

Status: Revidering av lokalt prosjektdirektiv, samt oppdatering av innføringsplan pågår. Fleire nødvendige omprioriteringar i regionalt prosjekt fører til endringar i lokal innføringsplan. Pr i dag har ikkje regionalt prosjekt eit oppdatert vegkart, noko som gjer det utfordrande å planlegge lokalt.

Til no er MEONA innført på alle sengepostane utanom Kvinneklubben. Er og teke i bruk på akuttmottaket, intensiv og delvis på operasjon. Legemiddellogistikk (bestilling og lagerhold av medikament) er innført der det er mogleg til no. Det er sett i gong datafangst frå ulikt medisinsk teknisk utstyr ved fleire avdelingar.

Fokus resten av 2020 er innføring av steg 1 på Dialysen - FSS, oppfølging/optimalisering av kurveløysingar i drift og gevinstarbeid.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Til tider mangel på ressurs både i lokalt og regionalt prosjekt, samt hjå leverandør. Noko som påverkar framdrift, risiko og kvalitet.

Nye aktivitetar i 2021:

- Innføring av simultankurve på Hudpoliklinikken
- Innføring av sårane på alle aktuelle avdelingar

- Innføring av datafangst frå mobile monitorer på alle sengepostane
- Innføring av datafangst frå pumper på alle aktuelle avdelingar
- Mogleg oppstart av poliklinisk løysing
- Mogleg innføring av steg 2 for dialysen

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0,5	5,4	5,9
2021	1	5,5	6,5
Differanse:			+0,6

4.2 ODA (Overgang til DIPS Arena)

Prosjektleder: Arnhild Støylen

ODA lokalt innføringsprosjekt skal leie overgang frå DIPS Classic til DIPS Arena i Helse Førde. Arbeidet vert utført i tett samarbeid med ODA regionalt prosjekt, som vil ha eit overordna koordinerende ansvar for innføringa, samt sørge for å klargjere løysinga som skal takast i bruk.

Status: Det er vedteke å føre inn DIPS Arena i psykisk helsevern i Helse Førde. Lokalt prosjekt er etablert og arbeid med å planlegge opplæring og innføring pågår.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Årsak til avvik: Det er avgrensa tilgang på kliniske ressursar til arbeid i ODA.

Utfordringar knytt til nokre funksjonsområder i løysinga fører til usikkerheit med omsyn til kor god kvaliteten er. Ny vedtaksmodul gir usikkerheit om korleis internrapportering for vedtaksmodulen vil vere ved oppstart i januar. Noko uro er knytt til om ressursar som er allokert til lokalt prosjekt får nok avsett tid til prosjektarbeid.

Nye aktivitetar i 2021: Oppstart i DIPS Arena i psykisk helsevern i januar 2021. Planlegg innføring i medisinsk og kirurgisk klinikk etterpå.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	3	10	13
2021	5	13	18
Differanse:			+5 årsverk

5. PROGRAM LIBRA

Programleiar: Joar Halbrend

LIBRA (Lager, Innkjøp, Budsjett, Rekneskap og Anskaffelse) er eit regionalt program som skal optimalisere støttetjenestene innan økonomi, innkjøp og logistikk i Helse Vest. Dette inneber mellom anna å innføre felles arbeidsprosessar, system og forvaltning. For å sikre lokal forankring og at løysingane blir innført er det oppretta lokale innføringsprosjekt i kvart føretak. Endringane vil påverke alle leiarar, stabfunksjonar og andre tilsette som er involverte i kjøp av varer og tenester, lager- og økonomiarbeid.

Status: Den 1. mars 2021 skal Helse Førde ta i bruk behov til leveranse i LIBRA. Oppstart for Helse Førde har vore utsett to gonger i 2020. Utifrå erfaringane i Fonna og Stavanger vil innføringa medføre store utfordringar for mange i Helse Førde.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
LIBRA	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Prosjektet arbeider for alle rutinar som skal innførast er så gode at vi får ein effektiv bruk av LIBRA. Det er viktig å få alt på plass i god tid før opplæring for å få optimal bruk av systemet. Innføring av eit nytt økonomisystem vil medføre store endringar for mange tilsette, det er derfor viktig at tilsette får satt av nok tid til opplæring/øving. Dette er krevjande då mange av dei som skal omstille seg har mange andre oppgåver.

Nye aktivitetar i 2021: I januar/februar vert det satt i verk opplæring av tilsette som skal arbeide i programvara SAP. Dette krev store opplæringsressursar og at linja må ta ut personar på opplæring.

Ressursbruk:

- prosjektarbeid, herunder opplæring av tilsette.
- Helse Førde tilsette som må på interne kurs, samt bruke tid til å lære LIBRA.
- ekstra midlertidige årsverk i forbindelse med at ein tar i bruk nye modular av SAP.
- ekstra arbeid for tilsette i forbindelse med oppstart 1. mars 2021

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	2	5	7
2021	2	20	22

Differanse:	+15
-------------	-----

6. NYE FØRDE SJUKEHUS

Prosjektleder: Kjell Inge Solhaug

Nye Førde sjukehus inneheld mange delprosjekt. Første delprosjekt, Dagabygget (Nybygg for Psykisk Helsevern), er i slutfasen med fysisk ferdigstilling desember 2020. Samhandlingsprosess pågår for kommande delprosjekt, og samhandlinga har i stor grad endre omfang nybygg og vidare inndeling av delprosjekt.

Status: Gjennomføring av Dagabygget er under god kontroll og fokus i Nye Førde sjukehus er retta mot samhandling og kontrahering av Livabygget.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Årsak til avvik: Samhandlingsprosess for dei kommande delprosjekta har teke lenger tid enn planlagt, dette grunna klage på anskaffelse og ein samhandlingsprosess som har fungert godt og medført store endringar og optimalisering av prosjektet.

Nye aktivitetar i 2021: Oppstart bygging av neste delprosjekt som er Livabygget (Nybygg med sengepostar, operasjon, strilsentral mm)

Ressursbruk: Staben som er tilsatt for heilskapen er teken inn i rapportering under dette punktet, medan møtetid/prosesstid i driftsorganisasjonen er teke inn i det enkelte delprosjekt

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		10	10
2021		11,5	11,5
		Differanse:	+1,5

6.1 Dagabygget

Prosjektleder: Lena Haveland

Prosjekt Dagabygget er det første delprosjektet i Nye Førde sjukehus. Dette omfattar planlegging og bygging av nybygg for psykisk helsevern. Dagabygget skal legge til rette for at pasientane får tidsriktige lokale og eit brukartilpassa psykisk helsevern. Lokala skal understøtte trivsel og eit godt arbeidsmiljø for medarbeidarane.

Status: Dagabygget skal stå klart til innflytting 1. mars 2021, og prosjektet er i rute og i samsvar med prosjektplan.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Ressursbruk: Møtetid og prosessid i driftsorganisasjonen er teke inn i rapportering på delprosjektet, medan staben som er tilsatt for delprosjektet/heilskapen er teken inn i overordna rapportering for Nye Førde sjukehus.

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		1	1
2021		0,5	0,5
		Differanse:	-0,5

6.2 Livabygget

Prosjektleder: Andreas Finstad

Livabygget skal byggast i åtte etasjar og koplast på eksisterande høgblokk. Når det er ferdig skal det mellom anna gje nye sengerom, barne og kvinneklinikk, nye operasjonsstover og sterilsentral. Livabygget skal vere klart i 2024.

Status:

- Planløsningar gjennomgår KS i organisasjonen frem til uke 43.
- Jobber for å skrive kontrakt med totalentreprenør ila 2020, men dette er et krevende tidsløp

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Ressursbruk: Møtetid og prosessid i driftsorganisasjonen er teke inn i rapportering på delprosjektet, medan staben som er tilsatt for delprosjektet/heilskapen er teken inn i overordna rapportering for Nye Førde sjukehus.

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		2	2

2021		2	2
Differanse:			0

7. PROGRAM PASIENTENS HELSETENESTE

Programleiar: Anne Kristin Kleiven

«Pasientens helseteneste» er eit lokalt utviklingsprogram, som skal bidra til å realisere mål og tiltak i utviklingsplanen til Helse Førde. Programmet skal arbeide for tenester som er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten medverknad. Målet er å sikre bærekraftige framtidige tenester og drift i samsvar med økonomiske rammer, og oppnå gevinstar av kvalitativ og kvantitativ art for pasientane og føretak.

Status: Det vert arbeidd med prioritere utviklingsområder ut i frå kva fagområder/funksjoner som skal flytte inn i nye bygg, takta mot byggeprosessen. Generelt er det ei høg aktivitet, med mange lokale/regionale OU- og innføringsløp. Det er rapportert frå dei enkelte OU-løpa under.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Det er ein stor og kompleks tenesteutviklingsportefølje i programmet, med mange avhengigheiter til parallelle løp, og stort behov for forankring og involvering. Det vil i OU-program som dette, vere ulik grad av erfaring og kompetanse blant prosjekt- og arbeidsgruppeleiarar, som påverkar framdrift.

Nye aktivitetar i 2021: Merkantile tenester i Helse Førde og Digitale helsetenester er to ny områder det vert planlagt start av OU-løp på i 2021. I tillegg vil dei fleste noverande OU-løpa pågå inn i 2021.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		2,5	2,5
2021		3	3
Differanse:			+ 0,5

7.1 Lærdal sjukehus – delprosjekt areal

Prosjektleder: Margun Thue

Det er behov for ein heilskapleg plan for arealet ved LSH med prioritert rekkefølge. Sjukehuset er prega av at det ikkje har vore nokon overordna plan for bruk av areala, og tenester og funksjonar er blitt plassert etter kvart som behova har komme.

LSH har fire etasjar og alle etasjane har utfordringar knytt til arealutnytting, hensiktsmessig utforming for å få ei framtidretta drift.

Underetasje: mange utfordringar, mellom anna er vareleveringsareala dårlege og det er gitt pålegg om utbetring av varelogistikk. Sengesentralen tilfredstiller ikkje dagens krav. Aktiv forsyning er lokalisert fire ulike stader. Teknisk har for lite areal. Garderobane tilfredstiller ikkje dagens behov.

1.etasje: har mykje aktivitet og til tider er det flaskehalsar. Resepsjon, poliklinikkar og røntgen -og laboratorieavdeling er lokalisert her, samt legevakt og legevaktsentral. Ambulansestasjon er plassert i eige separat del av etasjen med eigen inngang for personale knytt til stasjonen.

2.etasje: medisinsk sengepost, dialyseeinig, operasjonsavdeling, oppvaking/overvåking, mottaksrom, kommunale akutsenger, God start, administrative kontor, beredskapsrom.

3.etasje: ortopedisk sengepost, møterom, legekantor.

Status: Det er sett ned ei arbeidsgruppe som held på med gjennomgang av kvar etasje, inkludert teikningar og tilrådingar for vidare prioriteringar.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Nye aktivitetar i 2021:

Det som hastar mest er å finne ei løysing for fleire rom og meir plass for medisinsk sengepost i 2.etasje. Belegget på sengeposten har vore aukande dei siste åra og plassen er blitt mindre, delvis pga at nye tilbod er komme til, samt at det er grunn til å tru at stabilt fagmiljø på legesida er ein medverkande faktor til at fleire pasientar får tilbod lokalt. Det vert prioritert å flytte ut dei kommunale sengene til annan stad på sjukehuset, det mest nærliggande er til 1.etasje.

Arbeidsgruppa vil for utan dette prioritere 1.etasje med resepsjons- og poliklinikkområda som er lite tenelege ut frå dagens standard og behov.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
--	-----------------------	--------------------	-------------------

2020		0,5	0,5
2021		0,5	0,5
Differanse:			0

7.2 Framtidig akuttmottak og observasjonspost NFS

Prosjektleder: Laila Haugland

Styringsgruppe og Porteføljestyre har godkjent sluttrapport «Framtidig akuttmottak i Helse Førde konsept» og tilrådd at tiltaka vert gjennomførde. Det er føresett budsjettdekking for innføringa.

Status: Akuttmottak er planlagt etablert i ei stegvis innføring ved å etablere kompetanse, dagleg fagleg leing, overføre oppgåver og ressursar og utarbeide prosedyrer og detaljar.

Vidare arbeid med etablering av observasjonspost med 6 senger vert sett i samanheng med prosjekt sengepostar og hotell, som kjem med tilråding hausten 2020. Arbeidet vert starta opp når samla tilråding og vedtak føreligg.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Nye aktivitetar i 2021: Oppstart av Observasjonspost forprosjekt for detaljering av observasjonspost konsept og etablering.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	0,5	0,5
2021	0	0,5	0,5
Differanse:			0

7.3 Fysikalsk medisin, rehabilitering, og habilitering

Prosjektleder: Stig Igland

Helse Førde HF har i 2019/2020 gjennomført ei konseptvurdering og eit forprosjekt knytt til samling av fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering i eit livsløpsperspektiv.

Status: Det er starta eit arbeid med prosjektdirektiv for å planlegge og førebu gjennomføring. Direktiv skal framleggast til styringsgruppe i november.

	Prosjektet	Sluttproduktet
--	------------	----------------

Prosjekt/program	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	Samla vurdering
Namn			Pågår				

Årsak til avvik: Planlegging og førebuing av prosjekt er i oppstart i påvente på avgjerd, som er forventa i november/desember.

Nye aktivitetar i 2021:

Blir å beskrive i komande rapporteringar når beslutning og vegen vidare er klarlagt.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	1,5	1,5
2021	0	2	2
		Differanse:	+0,5

7.4 Intensiv og overvaking NFS

Prosjektleder: Wenche Vallestad

Arbeidsgruppa skal vurdere og tilrå framtidige tenester og drift i nye lokale utifrå definert kostnadsramme. Det er eit mål å betre logistikk og forbetre arbeide om pasientar med psykiske vanskar/rusproblematikk

Status: Det vert i denne fasen arbeidd med ei overordna tilråding for vegval.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Nye aktivitetar i 2021: Det vert starta arbeid på detaljering av framtidige tenester og drift i 2021.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		0,5	0,5
2021		0,5	0,5

Differanse:	0
-------------	---

7.5 Kontor og fellestenester NFS

Prosjektleder: Helge Robert Midtbø

Helse Førde har gjennomført forprosjekt Kvalitetssikring, kontor, møterom, forskning og undervisning. Pågår informasjons- og forankringsarbeid av arbeidet med kontorfordeling i Svanabygget NFS. Sluttrapport frå forprosjektet gir grunnlag for oppstart av Prosjekt Kontor og fellestenester, NFS.

Status: Kontor og fellestenester er i startfase av prosjektet med utarbeiding av prosjektdirektiv for vidare detaljplanlegging av kontor, møterom, forskning og undervisning i NFS.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Årsak til avvik: Leveransane i prosjektet er til ei kvar tid avhengig av budsjettammer for å gjennomføre og nå målsettingar.

Nye aktivitetar i 2021: Gjennomføre prosjekt Kontor og fellestenester i NFS

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	0,6	0,6
2021	0	0,5	0,5
		Differanse:	-0,1

7.6 Kvinne barn

Prosjektleder: Trude Hansen Folkestad

Arbeidsgruppa skal vurdere og tilrå framtidige tenester, arbeidsflyt, utstyr og drift i nye lokale utifrå definert kostnadsramme. Arbeidet skal fange opp endringar i faga og praksis og sikre kvalitet i framtidig tenestetilbod.

Prosjektet

Sluttproduktet

Prosjekt/program	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	Samla vurdering
Namn							

Status: Det vert i denne fasen arbeidd med ei overordna tilråding for vegval.

Nye aktivitetar i 2021: Det vert starta arbeid på detaljering av framtidige tenester og drift i 2021.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		0,8	0,8
2021		0,8	0,8
Differanse:			0

7.7 Sterilsentral NFS

Prosjektleder: Robert Brennersted

Arbeidsgruppa skal vurdere og tilrå framtidige tenester, arbeidsflyt, utstyr og drift i nye lokale utifrå definert kostnadsramme. Arbeidet skal fange opp endringar i faga og praksis, gi erfaringslæring og sikre kvalitet i framtidig tenestetilbod.

Status: Det vert i denne fasen arbeidd med ei overordna tilråding for vegval.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Nye aktivitetar i 2021: Det vert starta arbeid på detaljering av framtidige tenester og drift i 2021.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		0,5	0,5
2021		0,5	0,5
Differanse:			0

7.8 Operasjon, dagkirurgi, oppvakning og anestesi NFS

Prosjektleder: Hans Jacob Westbye

Arbeidsgruppa skal vurdere og tilrå framtidige tenester, arbeidsflyt, utstyr og drift i nye arealer for dei ulike pasientkategoriane og pasientforløpa. Arbeidet skal fange opp endringar i fag, praksis, og synleggjere utfordringar. Det er i byggprosjektet teke beslutningar med omsyn til tal stover og areal der ein i planane krev betre effektivitet/logistikk. Gruppa har eit tett samarbeid med dei andre einingane/seksjonane i AAM.

Status: Det vert i denne fasen arbeidd med ei overordna tilråding for vegval.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Nye aktivitetar i 2021: Det vert starta arbeid på detaljering av framtidige tenester og drift i 2021.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	0,8	0,8
2021	0	0,8	0,8
		Differanse:	0

7.9 PHV Psykiatrisk klinikk NFS

Prosjektleder: Svein Ove Alisøy

Organisasjons- og utviklingsprosjekt psykiatrisk klinikk i samband med at avdelinga skal samle og utvikle tenester og flytte inn i nytt bygg frå mars 2021.

Status: Avslutta. Godkjent i styringsgruppa nye Førde sjukehus 29.09.20

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Nye aktivitetar i 2021: Evaluering av prosjekt i tråd med vedtak 29.09.20 i styringsgruppa for nye Førde sjukehus.

Ressursbruk: Vanskelig å vurdere ressursbruken på kva som kan bli brukt på evaluering i 2021. Det er avtalt prosjektstøtte frå Fag – og utvikling, samt deltakarar frå Psykiatrisk klinikk. Samla ressurs i 2021 reknar eg med vil halde ca 5%.

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	1,2	1,2
2021	0	0,05	0,05
Differanse:			-1.15

7.10 Sengepostar og hotell NFS

Prosjektleder: Laila Haugland

Konseptvurdering og tilråding om framtidige sengeposter- og hotelltilbod, driftsmodeller, organisering og plassering av sengeposter og hotell i NFS.

Konsepttilråding inkluderer tilråding om overføring av senger, oppgåver/personell frå døgn sengeposter til Observasjonspost i akuttmottak og tilråding om Rehabilitering døgnpost senger.

Status: Konsepttilråding pågår og skal vere ferdigstilt til utgangen av oktober 2020.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Nye aktivitetar i 2021: Detaljering av konsept for sengeposter/hotell i eit forprosjekt.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	1	1
2021	0	1	1
Differanse:			0

7.11 Prehospitale tenester

Prosjektleder: Tom Guldhav

Prosjekt Prehospitale tenester er no inne i fase 3 – innføringsfasen. Føremålet er å sikre innbyggjarane i opptaksområdet til Helse Førde gode prehospitale tenester, og eit godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda.

Status: Prosjektet har stor aktivitet; både med innføring av tiltak i linja, og førebuing til ytterlegare utgreiningar. Vinteren 2020 skal tilbod i Lavik, Ytre Bremanger og Nordfjord utgreiast ytterlegare, og det skal gjennomførast aktivitetar for å styrke samhandlinga.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Nye aktivitetar i 2021: Dei siste utgreiingane skal leggest fram tidleg i 2021 og vil medføre nye innføringsaktivitetar. Arbeidet med å få på plass ny ambulansebåt i Solund/Askvoll vil også bety auka aktivitet.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	Ikkje aktuelt	1,5	1,5
2021	Ikkje aktuelt	2,5	2,5
		Differanse:	+1

7.12 Poliklinikkar og somatisk dagbehandling

Prosjektleder: Kari Anne Indrebø

Skildring av program/prosjekt: Oppdraget i pågåande arbeide er å arbeide vidare med framtidige tenester ut frå forprosjektgrunnlaget og planlegge pasientflyt i poliklinikkane, herunder medisinsk avstandsoppfølging. Arbeidsgruppa skal gå gjennom arealbehov/romprogram i Nye Førde sjukehus - talgrunnlag/framskriving og detaljere romprogram med utstyr og infrastruktur.

Status i program/prosjekt: Konseptvurdering pågår og skal vere ferdigstilt i 2021.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	1	1

2021	0	1	1
Differanse:			0

7.13 Rekrutteringsstrategi for Helse Førde

Prosjektleder: Arne Skjelten

Prosjekt Rekrutteringsstrategi for Helse Førde er starta opp etter eit ønske frå styret i Helse Førde om å sette fokus på korleis vi arbeidar for å rekruttere, behalde, utvikle og utdanne våre medarbeidarar. Målsetninga er å rekruttere og utvikle gode og riktige medarbeidarar for framtida.

Status: Prosjektet vart utsett tidsmessig grunna covid-19, styrer no mot ferdig strategi i november/desember 2020

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn							

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020		0,2	0,2
2021	0	0	0
Differanse:			-0,2

8. UTANFOR PROGRAM

8.1 Droneprosjektet

Prosjektleder: Airlift Solutions AS

Droneprosjektet er eit framoverlent og framtidsretta innovasjonsprosjekt kor ein skal sjå på måtar å forbetre og utvikle dagens logisitikk-løysing ved å ta i bruk ny teknologi. Prosjektet består av alle helseføretaka i Helse Vest, Sjukehusapoteka Vest og Airlift Solutions AS. Helseføretaka beskriv behovet, Airlift Solutions utviklar teknologi til å møte behovet.

Status: Prosjektet har hatt oppstart i alle 6 arbeidspakkane, med ressursar frå alle føretaka, samt Airlift Solutions. Ein jobbar med å konkretisere arbeidet og fordele ansvar.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik: Prosjektet ligg noko bak skjema, ettersom prosjektleiinga måtte bruke ein del tid på å rigge arbeidet og arbeidspakkane før ein gjekk i gong. Det har også vore utfordringar med ei felles arbeidsplattform, men no løyser det seg ved at vi får ta i bruk Teams. Prosjektet har ei risiko knytt til forplikting i arbeidspakkane, riktig kompetanse og nytte slik beskrive i direktivet. Dette er likevel kjenneteiknet til innovasjonsprosjekt og ein må medrekne usikkerheit.

Nye aktivitetar i 2021: Arbeidspakkane pågår og prosjektet strekk seg til des. 2022.

	RHF-årsverk	HFD-årsverk lokalt	Airlift Solutions AS	Årsverk samla
2020	2,5	0,5	2,5	5,5
2021	2,5	0,7	2,5	5,7
Differanse:				+0,2

8.2 Nytt forløp for handrehabilitering

Prosjektleder: Eli Schwarz

Forbetring av handrehabilitering i Helse Førde, jobbglidning ortoped til ergoterapeut. Bruk av videokonsultasjon.

Status: Prosjektet er i gjennomføringsfasen. Driv med forbetring og utprøving av nytt forløp og samarbeid. Pasientane gjev positiv tilbakemelding på videokonsultasjonar.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Nye aktivitetar i 2021:

Vidareføring av videokonsultasjonar, evt også vidareføring av jobbglidning og implementering av nytt forløp.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	0,5	0,5

2021	0	Under avklaring	Under avklaring
Differanse:			-

8.3 PustDegBedre – Et digitalt verktøy for lungesyke

Prosjektleder: Elin Johnsen

Innovasjonsprosjekt som har utvikla ein applikasjon for lungesyke som strevar med slim og andenaud. Applikasjonen skal også støtte fysioterapeutar som behandlar lungesyke.

Status: Applikasjonen vart lansert i april 2020 og har per august ca 1500 nedlastingar. Nettsida PustDegBedre.no vart etablert i juni 20 og har per august hatt ca 1000 besøkande. Det er etablert ei redaksjonell side om PustDegBedre på helsenorge.no. Ila hausten 20 vert det implementert lyd i applikasjonen.

Prosjekt/program	Prosjektet				Sluttproduktet		Samla vurdering
	Tid	Kost	Personell	Risiko	Kvalitet	Nytte	
Namn	●	●	●	●	●	●	●

Årsak til avvik:

Covid-19 pandemien har påverka tidsplanen for prosjektet ved at brukertesting har vorte utsett.

Då brukarane er i risikograppa for Covid-19, har brukartesting/pilotering vore vanskeleg å gjennomføre i planlagt omfang. På grunn av reiserestriksjonar tar arbeidet med bredding og implementering lengre tid enn først antatt.

Nye aktivitetar i 2021: Det er planlagt modifisering av applikasjonen i etterkant av brukartesting. Utifrå tilbakemeldingar er det planlagt vidareutvikling og oppdatering av PustDegBedre. Det er planlagt regional spredning av bruken, dersom reiserestriksjonar tillet dette. Det er søkt om forskningsmiddel ca kr 1 million for å gjere eit feasibility-studium, som skal undersøke om det let seg gjere å bruke ein applikasjon i behandling av lungesyke. Svar på søknad føreligg venteleg medio november 20.

Ressursbruk:

	HFD-årsverk regionalt	HFD-årsverk lokalt	HFD-årsverk samla
2020	0	0,6	0,6
2021	0,2 HVL/HUS	0,5	Ca 0,7 (avhengig av tildeling av midler)
Differanse:			+ 0,1

